



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 12.05.2016

Sak nr.: 15/10125-27
Internt I.nr. 16563/16

Sak: 46/16

Tittel: **Revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane – innspel til Fiskeridirektoratet**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane – innspel til Fiskeridirektoratet

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev med dette innspel til Fiskeridirektoratet i samband med revisjon av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er å velje ei økosystembasert forvalting slik at ressursen tåler fleire aktørar og større uttak i framtida.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det vert prioritert å auke kunnskap om biomassen av stortare i fylket for å sikre ei berekraftig og økosystemvennleg hausting.
4. Fylkeskommunen ber Fiskeridirektoratet om:
 - i. Følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise kart slik det er omtalt i sluttrapporten datert 28.04.16.
 - ii. Følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime slik det går fram av sluttrapporten.
 - iii. Ta området utanfor Grotle gamle kyrkjegard som stengt for tarehausting inn i ny forskrift for hausting av tare i Sogn og Fjordane, slik det går fram av vedlegg 2 til sluttrapporten.
 - iv. Ta omsyn til høyningsuttalane ved vidareføring av stengde område for taretråling, og følgje fylkeskommunen sitt forslag under punkt 4.4.1 i sluttrapporten.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett og ein ber administrasjonen om å utgreie og vektlegge følgjande i ny sak:

- Haustingssyklus

- Næringsmessige konsekvensar av å imøtekome kommunane som har uttalt seg sine krav
- Skadar i strandsona som fylgje av tråling
- Utvalet ber administrasjonen ta omsyn til kommunane sine forslag til arealavgrensingar
- Utvalet merkar seg at fylkesmannen har trekt seg frå arbeidsgruppa, og at dei ikkje ynskjer å bidra til eit arbeid som bryt føresetnadane for gjeldande tareforskrift og gjeldande verneforskrifter. Dette må takast omsyn til i ny tilråding

Avrøyting:

Endringsframlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Revidert forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane – innspel til Fiskeridirektoratet

Saka vert utsett og ein ber administrasjonen om å utgreie og vektlegge følgjande i ny sak:

- Haustingssyklus
- Næringsmessige konsekvensar av å imøtekome kommunane som har uttalt seg sine krav
- Skadar i strandsona som fylgje av tråling
- Utvalet ber administrasjonen ta omsyn til kommunane sine forslag til arealavgrensingar
- Utvalet merkar seg at fylkesmannen har trekt seg frå arbeidsgruppa, og at dei ikkje ynskjer å bidra til eit arbeid som bryt føresetnadane for gjeldande tareforskrift og gjeldande verneforskrifter. Dette må takast omsyn til i ny tilråding